



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 1, 61. ÅRGANG, 2022

Jubileumsblad



1962

60 år

2022

PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,
Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

Lay-out: designsaskia.no

Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I dette nummeret er det spesielt fokus på Lidar sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Hegge sokn. Kom gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:

Tirsdag 26. april 2022

Framsida: Kollasj i høve 60 årsjubileumet - utarbeida av: designsaskia.no



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang, Bygdinvegen 1989,
2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

DAGLEG LEIAR: Ove Ekerbakke	61 35 25 76
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PRESTVIKAR: Ellen Oddveig Rudi	948 65 195
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	61 35 25 78
KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug	61 35 25 80
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Eli Dørvresdegård Skattebu



SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Gratulerer, godt folk

60 år har På kyrkjeveg funne vegen til postkassene i Øystre Slidre. Vi har glede av å trykke opp att fyste nummer i dette På kyrkjeveg. Det er spanande å lese, ein vil finne at noko er forandra, men mange ting er og det same. Gled dykk til dømes over kva dei var opptekne av i husmorlaget under overskrifta Kling no klokka, og mykje anna spanande.

Når ein les bladet, er det verdt å merke seg forandringa i forholdet mellom skule og kyrkje. I 1962 var det heilt sjølvstøtt at desse to samfunnsinstitusjonane samarbeidde om verdiformidling og fellesskapsbygging. Kyrkjebesøket har nok gått litt ned sidan 1960, men fortsatt blir dei aller fleste døypte, konfirmerte, gifte og gravlagde i kyrkja. Kyrkjegangen knyter seg i dag for mange til hendingane i livet, og ikkje minst til alt som vert gjort for born og unge! Her er Øystre Slidre-foreldre framifrå til å følgje opp ungane sine!

Det er og med glede og stoltheit at vi framleis kan gje ut kyrkjebladet! Spesielt har vi sett kor godt det har nådd ut til alle i desse koronatider då vi ikkje har kunne møtast og der mange ikkje har tilgang til det vi gjer på nettet. Vi treng alt som finst for å kjenne at vi som bur her i bygda vår høyrer til kvarandre.

På kyrkjeveg er framleis eit bygdeblad, og det er no spesielt gledeleg at kulturretaten vil formidle arbeidet med å lyfte fram ysme kulturminne her i bladet.

- Eli



Verdiane er vi framleis samde om i skule, barnehage og kyrkje. Frå julevandring i Rogne barnehage 21. desember 2021.

PÅ KYRKJEVEG

MENIGHETSBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

Nr. 1 - April 1962 - 1. årgang

Palmesundag

Sjå! — inn mot byen
i jubel-bruset
det rid ein konge
til høgtids-fest!

Ei palmegrein er
hans konge-scepter,
ein asenfole
hans ridehest.

Høyr! — oppglødd stig det
ein brus imot han,
— eit hosiana
er hyllingsrop.

— Og ingen anar
at «krossfest»-ropet
so snart skal høyrast
frå same hop. — —

Ven, — går du kanskje
i høgtids-stemming
din sundags-gang mot
eit tempelhus?
Om ikkje nett det
er palmegreiner
du svingar glad der
i vårleg brus?

Me lengtar alle
mot «Oljeberget»:
Der står den kongen
du ventar på!
Ditt «hosiana»
det syng i bringa,
di palmegrein du
i hand skal få!

A, lær oss konge,
so spaklyndt rida
om opp me kjem på
vår høge hest!
O lær oss sidan
so tålsamt lida
om hopen ropar:
«Krossfest! krossfest!»
NILS HOVI

GUDSTENESTE

Høyr kor kyrkjeklokka lokkar
Med ein høg og heilag klang.
Alle folk og alle flokkar
til ein hugsam kyrkjegang.
Syskin lat oss kallet fylgja
Over berg og over bylgja,
Lat oss gå på kyrkjeveg
Glade både du og eg.

Det er sundag føremiddag. På vegane kjem folk ruslande mot kyrkja. Dei stoppar på kyrkjevangen og helsar på vener og kjenningar. Ein og annan tek ein tur bortom ei grav. Hovudet bøygjest. Minna talar utan ord om det som var, medan krossen vitnar om det som skal verta.

Så ringer kyrkjeklokkene. Orgelet tonar. Snart stig ord frå salmesong, bønner og skriftlesing inn i menneskehjarto med bod om skaping, vokster, liv, glede,

sorg, sut, synd, død, kjærleik, soning, tilgjeving, Liv og sæla. Det er gudsteneste.

Har du tenkt på kva som ligg i ordet gudsteneste. Fyrste gongen tanken rann meg i hugen, tenkte eg at det er me som tener og ærar Gud med lovsong og takk. Men eg fekk det ikkje til å høve heilt. Er det gjevaren eller mottakaren som plar takka? Då skjøna eg at eg hadde mistydd ordet. Eg gav ingen ting. Berre fekk. Gudsteneste er Guds — teneste for oss. Han gjev, me får. Vrakar eller tek du mot gáva?

Her hev våre feder funne
Hjartefred og sælebot.
Her hev livsens kjelda runne
Friskande um hjarterot.

E. H.

Kyrkja og skulen

I Øystre Slidre har samarbeidet mellom kyrkja og skulen, så vidt eg kan skjøna, vore det aller beste gjennom tidene. Prest og lærar, foreldre og andre har vore glad og takksame for dette. Presten er velkomen som talar til born og foreldre ved skulefestar av ymse slag, og han reknar lærarane som sine hjelpesmenn i det kyrkjelege arbeidet.

I fjor fekk vi oppleve nokre ekstra gilde høgtidsstunder i kyrkja. Soknepresten ordna ei gudstenest i kvar kyrkje såleis at skuleborn fekk vera med og taka noko av det arbeidet som prest og klokkar har. Vi hadde inntrykk av at borna tok oppgåva alvorleg, og det vart rike stunder som gav kjære minne både

for born og foreldre. Mange ser nok gjerne at soknepresten ordnar noko liknande oftare, det vil sikkert auke interessa for kyrkja sitt arbeid, og det skulle lette samarbeidet mellom skulen og kyrkja. At vi får nytte presten som lærar i kristendomskunnskap ved framhaldsskulen, ser vi som ei god ordning.

Så vil eg oppmode skulane om å hjelpe til med stoff til kyrkjebladet vårt. Redaktøren vil nok med glede taka mot forteljingar og dikt som elevane kan laga om heimen og skulen og kyrkja, slikt som kan høva i bladet.

Med viss von om at kyrkjebladet vårt også skal gagne samarbeidet mellom heimen, skulen og kyrkja, sender eg mi hjartelege helsing.

Olav Hegge.



Kyrkjebladet vårt

Så endeleg er tida komen til at det fyrste nummer av kyrkjebladet for denne kjære bygda vår, skal gjevast ut. Det er sokneprest Eiel Holten som er primus motor for dette gjæve tiltaket.

Det har vore på tale i sokneråda fleire gonger å få til eit slikt blad, men det har ingen våga gå i brodden. Det er mykje arbeid og omtanke som står bak eit slikt blad og det er heller ikkje liten kostnad.

Eg vil minne sambygdingane om at vi må stå saman og stø opp om bladet, slik at det kan koma ut med nokre nummer kvart år. Både økonomisk stønad og ved å skrive i bladet.

Sjølvsagt skal det som vedkjem kyrkjelyden og kyrkja ha breidaste plassen, men andre lokale spørsmål kan godt takast med. Eg skal skrive om ymse kommunale spørsmål i fleire nummer framover. Det er vel dei som undrar seg over at dette kan høva i eit kyrkjeblad, men det er spørsmål som direkte eller indirekte vedkjem oss alle og som ofte blir for lite gjort kjende.

Vi menneske er så laga at vi ikkje trivst ved å leva ein og ein, men vi vil leva i samfunn. Samfunnet blir

slikt som summen av dei sinn som bur her er. Difor er det kvalitet og åndsstyrke hjå kvar einiskild som avgjer korleis samfunnet i ei bygd er. Lat oss då rekkja kvarandre hendene og vera med i alt arbeid som tek sikte på å styrkja kvaliteten i oss. Det er vel dette arbeid kyrkja og skule strir for, og kyrkjebladet kan bera nytt bod om dette til alle heimar i bygda.

Eg råka ein som sa ein gong: «Det nyttar ikkje for meg. Eg får meg ikkje til å vera slik i min omgangskrinnsom og skulle. Eigenbaten har for stor plass.»

Då vil eg minne om desse orda: «Det som er sådd i kjærleik, kan aldri døy.» Kanskje er det kjærleiken som vantar oss. Vi treng gjen-skin av han som synt den største kjærleiken vi velt om, dersom vi skal vinna i kvaliteten. Han ser oss og vil oss alle vel, og vil hjelpa om vi spør, og om vi trur.

Å leva det er i livet
å finna det største verd.
Å leva det er å vinna
til sanning i all si ferd.

Beste helsing
Haldor Hegge.

Blomsterfondet

Kyrkjegarden avspeglar folket i ei bygd, heiter det. Slik kyrkjegarden er, er folket.

Øystre Slidre har vakre kyrkjegardar. Folket har stort sett vore flinke til å møta fram til dugnad. Dei einskilde gravene er jamt over velhaldne. Like vel rekk ein ikkje med alt. Det må pengar til.

Kvart år vert blommar for store summer gravne ned i jorda. Ein ser dei ikkje meir. Enn om ein kunne nytta noko av desse blompepengane til å gjera kyrkjegarden fin og velstelt? Tanken kan teke form. Ei nemnd med skulestyrar Kjønsgard til formann har fått til ei ordning med blomsterkort. Inntekta av salet skal gå til å gjera kyrkjegardane vakre. Kvar kyrkje har ei nemnd til å setja arbeid i gang når dei får pengar til rådvelde.

Salet har nå pågått vel eit år. Det syner seg alt nå at det kan

verta ei hjelp til vakrere kyrkjegardar. Til denne tid er innkomme:

Rogne sokn	kr. 410,—
Hegge sokn	> 670,—
Volbu sokn	> 500,—
Lidar sokn	> 560,—

I alt kr. 2140,—

Utan blomsterkort ville vel blommar for ein minst like stor sum vore nedgravne i jorda. Dei som sel korta, kan fortelja at salet har auka monaleg i det siste. Ein av grunnane til dette er utan tvil at mange ikkje har visst kvar ein kunne få kjøpa korta. Serleg har dette vore tilfelle i Rogne sokn, der det etter måten har vore lite sal.

Til orientering skal ein her få opplyse kvar korta er til sals:

Rogne sokn: Rogne samvirkeleg og kjøpmann Garthus.
Volbu sokn: Posthuset.
Hegge sokn: Posthuset, Heggnes.
Lidar sokn: Samvirkeleg og kjøpmann Lykken.

Minsteprisen for eit kort er 7,— kr. Det er ingen ting i vegen for at fleire kan gå saman om eit kort. Ein av seljarane kunne fortelja at det ikkje så sjeldan vert betalt meir enn listeprisen. 10—15 kr. var ikkje uvanleg. Ein hadde jamvel gjeve 25,— kr.

Til lette for rekneskapsføringa har sokneråda gjort vedtak om at pengane går til kyrkjegarden i den sokna der korta vert selde.

Ein kan slå fast at folk har teke vel mot ordninga med blomsterkort. Me kan gleda oss til at kyrkjegardane skal verta endå vakrere enn dei er.

E. H.

Er det sant?

GÅR IKKJE FOLK I KYRKJA?

Frå tid til anna høyrer ein snakk om at folk ikkje går i kyrkja, serleg frå krinsar som vil kyrkja til livs. Kyrkja er ein forelda institusjon. Folk har slutta å gå dit, heiter det.

Men er det sant?

Det finst berre ein måte å få vita det på, å telja, ikkje berre ein sundag, men fleire sundagar på rad.

Fyrste teljing gjekk føre seg i april—mai 1956. Teljinga då synta at til kvar føremiddagsmesse i denne tida var jamt over 127 til stades.

Andre landsomfatande teljing var i april—mai 1961. Nå er resultatet gjort kjent. I dette tidsrommet var gjennomsnittstalet for dei som var til stades ved høgmessa sundag føremiddag, 141. Kyrkjeskknaden har auka ikkje så reint lite.

Kvar sundag føremiddag gjekk 110 000 til gudsteneste her i landet. Til dette talet kjem så dei som gjekk til kveldsmesse eller sportsandaktar. Tek ein så med dei som høyrer messe i radio eller fylgjer med i fjernsyn, kan ein ikkje snakka om den vesle flokken. Han er stor.

Dårlegaste framsmøte under teljinga i Øystre Slidre hadde Rogne med 34 andre påskedag. Beste framsmøte hadde også Rogne med 374. Det var 17. mai.

Står din plass i kyrkja tom?

PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre.

Utgjevar:
Sokneråda i Rogne, Volbu, Hegge og Lidar.

Redaksjon:
SOKNEPRESTEN

Kasserar:
Margit Skattebo, Volbu.

Bladpengar kr. 3,— og oppover.
Kvittering for gaver kjem i bladet.
Kjem ut med 4 nr. for året.

Prenta i Valdres Trykkeri.

Bladet vårt

I dag fekk alle heimar i Øystre Slidre ein gjest. Eit lite blad. Gjesten vonar han er velkomen. Det er tanken han skal koma 4 gonger om året med ei helsing frå kyrkja. Med tida vert det kanskje endå oftare.

I lang tid har det vore på tale å gjeva ut eit kyrkjeblad for Øystre Slidre. På eit soknerådsmøte for Øystre Slidre i vinter fekk desse i oppdrag å gjeva ut bladet: Sigrid Hall, Ingebjørg Skattebu, Margit Skattebo, Olav Hegge, Haldor Rudi og soknepresten.

Seinare er soknepresten valt til redaktør og Margit Skattebo til kasserar for bladet.

Me vonar Øystre Slidre gjerne vil ha eit slikt blad og vil stø tiltaket. Det er tanken at alle heimar skal få bladet, og at kostnaden med prenting og sending skal berast av frivillige gaver frå kr. 3,— og oppover. Kvittering for gaver kjem i bladet. Førebils kan ein betala til kasserar, medlemer av bladnemnda eller soknepresten. Det er plan om å få ein postgirokonto.

Gjesten må ha eit namn. Førebils heiter han: På kyrkjeveg. Me vil gjerne vita om lesarane meiner det er eit høveleg namn, elles er me takksame for namneframlegg.

Så bed nemnda om stoff til bladet. Råma bør ikkje vera for trong. Me vil gjerne ha emne for kyrkje, heim, skule, helseøkt, ungdomsarbeid, barneoppseding o.s.b. Soknepresten tek med takk i mot innlegg.

Nemnda vonar at bladet er liv laga, og at det skal verta ein bindelekk mellom kyrkja og folket i bygda.

E. H.

Heimbygdi mi

Tone av
Wendelborg:

«Fagert, fagert
vårt fedreland».

Fagert, fagert er Valdres no,
og Øystre Slidre aller mest.
Her kan eg kvile i stille ro,
her har eg arbeid og fest.
Her var det mor mi so kjærleg meg sulla,
her var det far min med jordi si stulla.
Her vil eg leva og her vil eg døy!
Ja her er det framtid for mann og for mjøy!
∴ Heimbygdi kallar meg! ∴

Volbu, fager i solskinsflaum
med fjorden so djup og still.
Rogne og Rudi seg sveiper um,
og Storefoss reiser seg vill.
Fager er Hegge med grendene lange,
bakkute gardar med fjorden i fanget,
Kvithøvd med skogklædde åsar i ring,
og storlagde utsyn so vide i kring.
∴ Heimbygdi helsar meg! ∴

Jotunhelmen ber bod til meg
frå folket som byggjer, bur,
trauste i hugen, men kvase med,
som tindane langt der nord.
Likevel mjuke og milde i klangen,
gråten og låtten flyt saman i songen.
Fele og langleik det inn til meg bær,
i springar og halling det same eg ser:
∴ Heimbygdi møter meg! ∴

Kyrkjeklokka ho ringer inn
til helg over trøytt jord,
ringer inn freden i såre sinn,
so livet der inne kan gro.
Tonen er rein, når på åren du eldar,
fagert er livet i vårlege kveldar,
herleg det er her i Valdres få bu,
eg lyfter mitt hjarta i takk og i tru!
Heimbygdi er meg nær!
Heimbygdi er meg kjær!

INGRID SKATTEBU

Abakaliki-innsamlinga

Kirkens nødhjelp takkar.

Resultatet av Abakaliki-innsamlinga vart som kunngjort i lokalpressa kr. 4745,75. Utrekna etter folketalet kr. 1,75 for kvar innbyggjar.

Her er eit oversyn over pengane som er innsende.

Ofring i Hegge kyrkje ..	kr. 526,—
Ofring i Lidar kyrkje ..	> 248,75
Dale bondekvinnelag har sendt	> 15,—
Innsamla i Volbu sokn ..	> 429,50
Innsamla i Hegge sokn ..	> 930,—
Innsamla i Rogne sokn ..	> 1635,50
Innsamla i Lidar sokn ..	> 981,—

I alt kr. 4745,75

I dette oversynet saknar kanskje some det som kom inn ved ofring i Rogne kyrkje 2. juledag. Eg kan melde at dei pengane har Rogne sokneråd sendt til det vanlege arbeidet Kirkens nødhjelp driv.

Frå Kirkens nødhjelp er det kome takkebreve for det fine resultatet. Eg er beden om å bera fram ein varm takk til alle gjevarar, og dei som direkte har vore med i

aksjonen. «Ja, det munar då jamt, ja, det munar so det stundom er hugnad å sjå».

Kasseraren.

KONFIRMASJONEN 1962.

Konfirmasjonen 1962 er fastsett til 24. juni i Rogne kyrkje.

Konfirmantane får melding seinare om kva tid førebuinga tek til.

Fager er flokken i tusund år
Gud i vår kyrkje fekk frelsa
Lengsla mot framtid vonfullt trår
Ungdomen kristna er Noregs vår
Noreg si framtid og helsa.

Kling no klokka

Det flaug ein fugl um novi her ein dag. Han sa som so: Det skal vera eit nytt blad i emning, eit blad for kyrkjelydane i Øystre Slidre. Ja vel, det var eit godt tiltak. Men korleis går det med økonomien? I Øye i Gudbrandsdalen, der Finn Kvarving er prest, har dei eit kyrkjeblad, med presten som styrar, og Karen Botterud står for barne-teigen. Det er fritt for alle, og det

ber seg med friviljuge gaver, og der er overskot. Etter som eg høyrde, likar dei bladet. Det kan vera mangt å drøfte i eit blad innan bygdi: Heim og kyrkje, heim og skule, barneuppseding m. m.

Kva skal so barnet heite? Presten har fyrste og siste ordet. Eg skulle skrive. Ja kva er det som høver i eit slikt blad? Eg lyt vel helst koma inn på det som tankane har arbeidd med dei siste dagane.

Me har i vinter havt ein studiering i husmorlaget «Heim og kyrkje». Og der er mange spørsmål m. a.:

Har dei ymse temperamang eller gemytt nokon samanheng med kropslege kjenneteikn? og — er det forsvarleg å vurdere eit menneske på grunnlag av slike ytre merke? Svaret var nei frå ringen.

Elles har det vore spørsmål um arv og miljø, morsinnstinkt, ullskapen i sjelivet hjå mann og kvinne, m. m. meir, som eg ikkje kan koma inn på i eit stutt bladstykke.

Siste spørsmålet kjem slik: «Hvordan kan vi som voksne hjelpe til å prege vår personlighet i god retning?»

Det kom inn mange svar, og dei fleste var innpå same tanken. Les gode bøker, ver med i alt oppbyggjande arbeid, i ungdomslag, song- og musikklag. Ta opp tankar som du går og dregst med, til samtale i venelag. Eit av svara lydde so: Det me tenkjer, det er me, og tanken skapar karakteren. Tenkjer me gode tankar, so vil smått um senn vårt indre menneske bli betre, men let me dei vonde tankane få makt, so ynglar dei utan at me veit um det, difor gjeld det å passe på som ein smed. Me lærde eit vers då me gjekk til presten: «Bruk ordets makt, gi

Kjekk gutt på Heggenes.

Ein 5–6 år gamal gutt på Heggenes synte uvanleg hjarteleg under Abakaliki-innsamlinga. Då han høyrde om Abakaliki og tilhøva der, tok han utan å blunke 20 kr. av sparepengane sine og skreiv seg på lista.

Gutar i den alderen vil helst kjøpe sjokolade, drops og karamellar for pengane sine. Men denne karen hadde sterk nok vilje til å la slikt vera. Ein slik kar har to i seg til å verta noko. Måtte me ha mange slike i Øystre Slidre.

nøye akt på hjertet hvor det vander, lær å holde hellig vakt over dine tanker.»

Det er same tanken som eg har vore inne på her. Det hender stundom at eit vers ein har lært som ung, kan koma att i ei tung stund, når ein har bruk for det, um ein ikkje skyna stort av det, då ein lærde det. Difor, lær vers og syng med du er ung. Dei kjem att i tid og stund.

Syng i din ungdom,
syng i din alder,
syng når de brusende bølger faller
over din lykkes båt.
Syng høyt i gleden,
syng stille i sorgen,
syng så mot aften med håp om en
morgen,
som aldri fordunkles av gråt.»

I. S.

Kirkens nødhjelp

Mange har fått litt kjennskap til Kirkens nødhjelp ved innsamlinga til jordbruksprosjektet i Abakaliki. Men det er berre eit nytt friskt skot på treet.

Kva Kirkens nødhjelp er, og kva den arbeider for, kan årsmeldinga for 1961 illustrere best. Me tek derfor med eit utdrag.

Inntektene for Kirkens nødhjelp var i 1961 2100.000 kr. Mykje av dette er innkomme ved ofringar i kyrkjer. Serleg kom det inn mykje til hjelp for Kongo. Dit vart det sendt mange hundre tonn matvarer, ikkje minst tørrfisk. Rømlingar i Angola fekk tørrfisk for 100 000 kr.

Kirkens nødhjelp sende elles 16 tonn klede og sko til mange land. Rumenske rømlingar i Frankrike har fått pakker, born sumaropp-hald. I Korea er helsearbeid i gang, og hjelpearbeid for rømlingar i Kamerun, Gaza, Østerrike, Algerie, Marokko og Jordan. I Hongkong arbeider K.n. på den sosiale sektoren. Kirkens nødhjelp administrerar Norsk misjons medisinaltjeneste. I 1961 vart det sendt ut 11145 kg medisin til eit verde av 1400 000 kr., fordelt på 20 mottakarar, for det meste norske misjonslækjarar.

Utanom dette yter Kirkens nødhjelp tilskot til minoritetskyrkjer m. a. i Latin-Amerika.

Årsmeldinga ber bod om eit vidfemnande arbeid i næstekjærleikens teneste. Det trengs sårt. Nau-da er stor mange stader.

Kyrkjebladet

Her kjem ein ny gjest og vil vitja dei mange heimar i bygda vår. Denne gjesten vil gjerne skapa kontakt mellom kyrkja og kyrkje-lydane. Den vil og binde oss saman til eit samfunn og det vil styrkja kjensla av at me er ein kyrkjelyd.

Me kjenner alle at me er glad i kyrkja vår, og at me treng ho. Under krigen fekk mange ei kjenning av kva det vil segja for oss om me ikkje fekk lov å bruke kyrkja vår.

Kyrkja har vorte ein trygg ankergrunn i tilværet vårt. Der samlast me både i glede og sorg.

I vår trable og rastause tid treng me kviledagen meir enn nokon gong. Og står me ein søndagsmorgon ute og høyrer kyrkjeklokkene kime og kalla saman til gudstene-ste, vil me kjenne helgedagsfreden slige inn over oss. Kanskje går me og strevar med eit problem, og finn inga løysing. Kanskje vil nettopp dette klårne for oss når me sit under kyrkjekvelven og let ordet, tonane og klokkeklangen løyse opp eit ansent sinn. Kjem me til ei gudstenest for å ta i mot, vil me alltid få noko. So mang ei messe har eg kome der med noko eg har grubla over, og so får ein brått eit ord som i eit ljosglimt løyser opp alt saman.

Det er sagt at det er ikkje berre kroppen som treng næring. Sjel og ånd treng det likefullt. Me veit at me kan høyra messe i radio, og kjær er den for alle sjuke og gamle som ikkje kan koma til kyrkja. Det er diverre ofte vanskeleg å få ro og stille over den, slik ein kjenner det i ei kyrkje. Lat oss som er friske og spreke, unge eller gamle, gå til kyrkje og fyllje vår plass der. Ei god samkjensle får me ved å syngja saman dei mange verdfulle salmane våre. Dei er med og understrekar bibelordet som vert lese og preika over.

Lat oss so syngja med Johannes Barstad:

«Det ringjer saman i den ljose kyrkja.
Du kvila fær frå strev i annsam yrka,
og helgedom seg legg som sol på vang,
og helgefred i gjennom klokke-klang.

Ingebjørg.

For folket i Ukraina, og for verda

Det er krevjande å gå inn i påsketida utan å ha med seg det bakteppet som speglar seg i verda. Når dette blir skrivne rullar bilete frå krigen og invasjonen i Ukraina over skjermene. Det er forferdeleg å sjå på, og det minner oss om den menneskelege lidinga som skjer både der og andre delar av verda kvar einaste dag. Folk mistar hus og heim, det er redde barn og vaksne, soldatar som døyr, og menneske på flukt.

Påskas tekster dekkjer heile livsspennet. Jesu død på korset blir eit synleg symbol på håp midt i ei verd merka av liding og vondskap. På dette korset hang Jesus, kjærleikens, fredens og rettferdas Gud. Gjennom hans oppstode får vi sjå så tydeleg at denne lidinga slett ikkje har siste ord – men det er eit liv etter døden. At døden og det vonde aldri vil kunne sigra over det som er godt.

Kristus er verdas ljøs, og dette ljuset kan aldri myrkret slukke.

Påska gjev høve til å lyfte fram dette håpet. Gje merksemd til dei som lid, og syne at vi har ein Gud som sjølv har kjent på kroppen kva dette inneber. Å vere einsam, i smerte, tørst og svolten. Å vere flyktning.

Ja, Gud forstår godt korleis det er å vere eit menneske – både styrke, sårbarheit og nestekjærleik. Som kyrkje er vi kalla til å formidle dette ut til heile verda, frå kvar ei kyrkje og i alle lokalsamfunn.

Denne påska ber vi, i ljøs av Jesu oppstode, for folket i Ukraina, og for alle menneske som opplev krig og øydeleggingar i verda. Jesus Kristus, kom med din fred!

PÅSKESALME

Guds Sønn steg ned å tjene

1 Guds Sønn steg ned å tjene
og gav for oss seg hen.
Da falt et frø i jorden
til evig liv igjen.

2 Det største her i verden
er ikke kløkt og makt,
men Herren glad å tjene
i kjærlighetens drakt.

3 Det høyeste i verden
er ikke ørneflukt,
men med sitt hjertes vinge
å dekke andre smukt.

4 Og der er livets lykke,
Guds himmel i det små.
Å miste er å finne,
å gi - det er å få!

5 Å tjene er å herske,
å tjene er å så
den åker som skal gulne
mot evighetens blå.

6 Når verdens underverker
må smuldre hen og dø,
da skal vi se at livet
lå gjemt i dette frø.

7 For kjærligheten varer,
for kjærlighet er Gud.
Så strø mens våren driver,
ditt liv for andre ut!



Marit Waal

TEKST OG FOTO: ELI VATN

«Eg er så gamal no at eg orkar ikkje tenkje nye tankar!» Replikken er definitivt ikkje Marit sin. Han som formulerte dette hadde sjølvinnsett og glimt i auga. Å tenkje nye tankar hjelper eit stivna sinn trur eg, og eg har bede med meg Marit Waal for å utforske verdien av å vera i bevegelse.

«Dei har ikkje brøytt enno», åtvarar Marit på veg opp til bommen for å gå støvsvegen oppover med Hanakneet som mål. Eg er budd, skodd med «traktorpiggar» og gamasjar. Litt verre for Marit med vanlege piggsko på tommejukt dekke av nysnø oppå isen. Eg stolar på at det ikkje er fyrste gongen Marit er ute på glatta; eg har det biletet av henne.

«Det er godt å røre på seg», bekreftar Marit. «Ein vert glad av det, glad over å kome ut, takksam for å kunne røre seg og kjenne at ein har helse til det.»

Gå turar på ski om vinteren og arbeide i hagen om sumaren høyrer til favorittane hennar. Eg kjenner på at i mitt arbeid og ofte elles og, skapar vi eit skilje mellom kropp og sinn. Men dei heng jo saman, og ofte kan ein tur ut i det fri gjere ein godt på ein måte mykje tenking ikkje evner.

«Ja, det er noko med endorfinane», nikkar Marit, «og sanseintrykka. Kroppen som rører seg og alt du ser, høyrer og kjenner.»

«Kva tenkjer du om eit bevegeleg sinn då, Marit?»

«Det må vel handle om både tankar og kjensler. Om å vera open for det som møter deg, ta imot sanseintrykka i naturen, sjå med respekt på dei du møter.»



«Ja, og respekt tyder å sjå om att», svarar eg. «For slik er det fint å sjå på kvarandre; vi kan få ei ny sjanse på den måten.»

Marit held fram: «Eg likte så godt det Carl Philip skreiv i kyrkjebladet ein gong under overskrifta: «Så gjør vi så når til kirke vi går.» Å gå til kyrkje, då er du varm og open for å høyre Guds ord.»

Ein traktor med snøfresar kjem imot oss, og medan han passerer drys snøen friskt ned over oss.

«Det er nett som då vi var ungar og nokon dryssa snø frå buskene ned over oss », seier Marit. «Det er moro, du blir frisk og kvikk». Slikt kan ein nyte dersom ein har eit bevegeleg sinn – og dristar seg ut av komfortsona. Ei lita overrasking kan vekke deg og gje energi og livsgnist.

«Eg tenkte då eg var nytudanna prest at eg gjerne ville vera slik; ikkje seie det same på same måte som det har vore sagt før, men dele mine nyoppdagingar, gjere til at folk kunne opne sinnet sitt

litt. Etter kvart har eg fått meir forståing for at det er godt for folk å få bekrefte det trygge og gode også! Vi har jo ofte ein motstand mot å skulle tenke nytt, vi vil gjerne få bekrefte det vi tenkte frå før. Vi likar det i alle fall ikkje dersom underlaget sviktar heilt under oss.»

«Nei, det bør ikkje tilte heilt,» samstemmer Marit. Og det er ikkje vanskeleg å vera samde om det i dag som snøen ligg så usikkert over isen.

«Eg likar så godt årstidene», held Marit fram. «Våren, når det byrjar å gro; når blå- og grepplyng kjem fram; sumaren. Og hausten. Røsslyng og når molteblada gulnar og du kan finne ei gyllen myr full av molte. Eller ein stubbe der tyttebæra flyt utover heile stubben.»

«Sjølv eg fekk med meg litt molte i fjor», minnest eg, «men eg blir fort utolmodig dersom eg må gå rundt og leite på måfå. Du finn kan hende alltid molte, Marit?»

«Ikkje alltid, men ofte. Ein må like å gå og leite berre for turen.»

Minne kjem på; spesielt eit minne saman med broren Arve langt utanom leia der molte var å forvente, og så plutsleg kom dei over ei myr full av molte. Det var moro!

Nett det minnet er sjølvforklarande når temaet er verdien av bevegelse. Årstidene og skiftingane er gode forsikringar mot eit stivna sinn. Stadig nye inntrykk og forhold som ber oss samspele og bevege oss utanpå og inni.

Vassande i nysnøen på veg ned att etter eit godt utsyn over Rogne og Vestsida med kringle og kaffe fortel Marit om barndommen då dei hoppa frå hustaket og ned i djupsnøen. Ungar gjer ikkje slikt lenger. Nei, dei gjer ikkje det, og vi sukkar begge litt over strengt regulerte leikeplassar der alt er lagt til rette. Alt var sjølv sagt ikkje betre før, men vi trur begge det var større rom for fantasi og lek når bekken var eit eldorado på stølen, skogen var å gøyme seg i og trea til å klatre i.

Kva lærde eg på denne turen med Marit? At alder er inga hindring for å vera eit bevegeleg menneske, med kropp og sinn! At å bevege seg med kroppen gjer sinnet lyst og mjukt. Og kan hende mest av alt; at det er godt å ta imot alle sanseintrykka som kjem på når du er ute. Om det er snøsprøyten frå ein snøfresar, eller det er bekken, røsslyngen, moltemyra eller samtalen. Å samhandle med det rundt deg, slik at du formar det, og det formar deg! Det er godt, det gjev meining.



MIN SALME

DEILIG ER JORDEN

*Deilig er jorden,
Prektig er Guds himmel,
Skjønn er sjelens pilgrimsgang!
Gjennom de fagre riker på jorden
Går vi til paradiset med sang.*

*Tider skal komme,
Tider skal henrulle,
Slekt skal følge slekters gang;
Aldri forstummer tonen fra himlen
I sjelens glade pilgrimssang!*

*Englene sang den
Først for markens hyrder;
Skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden!
Menneske, fryd deg
Oss er i dag en Frelser født*

Tekst: B.S. Ingemann, 1850.

Den regnes kanskje som en julesang, men den er for meg ei flott salme som passer året rundt. At jeg setter denne salmen som nummer en, er nok at far min, Olav Viken, (1921 – 2005), sa en gang for lenge siden at «Deilig er jorden» er den fineste salmen. Det har jeg aldri glemt!

I dag med så mye ufred i verden, vil jeg gjerne formidle ei bønn. Den har jeg fått av Gerd Bakkene Brager. Hun har den fra sin far, Nils Bakkene (1908 – 1987)

KVELDSBØNN

*«O' du som kaller natten frem
og stjernelyset tenner,
bevar o' Gud mitt kjære hjem!*

*Jeg folder mine hender
og ber for alle fjern og nær,
og tror at du som har oss kjær,
vil våke for oss alle!» Amen*

- Inger Marit Viken

VOLBU KYRKJE,
SUNDAG 9. JANUAR 2022
Dei som fekk bok er:
Ingebjørg Rogne, fotograferert saman med kyrkjevert
Nikoline Aleksandra
Sindsen Hesjadalen
Foto: Eli Vatn



ROGNE KYRKJE,
SUNDAG 16. JANUAR 2022
Dei som fekk bok er: Victoria Rogne,
Lilly Øye Henriksen, Sofie Hermundstad,
Aksel Hovda, Sigurd Kjerstad og Tord
Kolstad

Foto: Wenche Berg

LIDAR KYRKJE,
SUNDAG 9. JANUAR 2022
Dei som fekk bok er:
Linnea Hålmoen, Helma Røe Lykken og
Olaves Tofte Rindal

Foto: Ingrid Stalenet




Fortsatt kraftfullt liv for trusopplæringa i Øystre Slidre!

TEKST OG FOTO: ELI VATN



Eli og Marianne testar popkornmaskinen før bruk i filmklubben.



STØRST AV ALT
TRUSOPPLÆRING
I ØYSTRE SLIDRE

Trusopplæring er det mest nyskapande kyrkja har gjort dei siste åra! Eg vågar den påstanden. Dei siste 10 åra har det kome ei mengd med stillingar og driftsmidlar nett til denne satsinga. Vi kan legge merke til det i mange gudstenester der ungar får bøker og har hatt opplegg i kyrkja som Tårnagentar (detektivar i symbol og utsmykning), berre for å nemne noko. Trusopplæringa er ikkje berre innovativ, det er også ein suksess. Svært mange foreldre i Øystre Slidre tek det ansvaret som skulen ikkje lenger tek for opplæring i kristen tru og praksis. Eg hugsar eg tenkte då reforma kom at det ikkje er sjølsagt at foreldre er klare til å ta over det ansvaret skulen har hatt. Men i Øystre Slidre viser det seg at det har dei langt fleste foreldre vore klare til å ta.

Godt over halvparten av born og unge deltek på kyrkja sine opplegg. Rekorden hadde vi da 100 % kom og tok imot 4-årsboka si i Lidar i fjor. Ikkje berre foreldre, men og besteforeldre og fadrar er svært pliktoppfyllande når det gjeld å følgje opp sin små og større.

Trusopplæringa sine midlar har vore administrert felles for Valdres frå Etnedal/Nord Aurdal, men frå nyttår av vert både økonomi og planar administrert lokalt. Fellesrådet er arbeidsgjevar og styrer økonomien medan sokneråda legg planane i samarbeid med trusopplæraren. Desse planane vert revidert no i vår. Det vert ikkje så store forandringar, men i og med at vi fekk råd over økonomien sjølve, har vi fått råd til ei 30% stilling.

Ellen Oddveig Rudi som har vore kyrkjelydspedagog hos oss i fleire år, utdannar seg til prest og tenestegjer no under utdanninga som prest i Øystre Slidre i halv stilling. Ho har difor sagt opp stillinga si som kyrkjelydspedagog. I stillinga har vi no vore så heldige å få Marianne Straum. Ho kallar seg trusopplærar. Kjært barn har mange namn. Ho har brei erfaring frå arbeidet med born gjennom arbeid i barnehage, kjenner kyrkja godt gjennom arbeidet som kyrkjevevje og har film som spesialfelt frå sine kulturstudiar. No vert det mellom anna filmklubb!



Rogne barnehage på veg inn gjennom porten på julevandring sett fra tårnet.

Kyrkja i året som gjekk

TEKST OG FOTO: ELI VATN

Nyåret er årsmelding og årsmøtetid.

Ungar er døypte, kjære gravlagde, folk vigde og mange gudstenester haldne sjølv om vi har måtte vera fleksible og finne oss i restriksjonar og grenser for kor mange som har kunne delta.

Biskopen har bede om suksesshistorier, og frå Berit Kristin Klevmoen, sokneprest i Vestre Slidre si hand har følgjande blitt fortalt. Vi har fått lov til å trykke det i På kyrkjeveg. Ord til oppmuntring for mange!



Ein engel takkar Rogne barnehage for besøket.

Jeg må bare si det

DIKT AV: BERIT KRISTIN KLEVMOEN

Vi har stått oppreist fordi vi bæres av noe større enn oss selv.
Kirkedørene har vært åpne fordi menneskers lengsler lever.
Bønner er bedt fordi vi må ha et sted å rope ut alt som i oss bor.
Også nå.
I hvert fall nå.

Lys er blitt tent fordi ikke alt kan ordsettes.
Barn og unge er blitt døpt fordi vi trenger kjærlighetens kraft og mysteriet som løfter oss opp.
Også nå.
Steder der det uforklarlige bare kan leve.
Der vi kan være.
Det vi er.

Døde er blitt begravet fordi vi trenger å overgi. Trenger å følge. Trenger å bære.
Finne hvile.
Sorgtunge skritt er tatt.
Også nå.
Det er å leve.

Konfirmanter har knelt på alterringene fordi her er det nåde – akkurat slik jeg er.
Barn har klatret tårntrapper og danset i kirkerom fordi det er plass til alt vi er her.
Også nå.

Salmer er sunget høyt og mest i det helt stille fordi sangen og musikken berører samme hva.
Orgelbrus har fått oss til å sveve fordi vi inderlig har trengt å bli omfavnet.
Også nå.

Velsignelser er bedt. Korstegn tegnet.
Fordi Gud er nær.
Også nå.
..... og over alt dette skrives mysteriets navn på himmelen.



Kva veit vi om påska?

Elevar frå 3. og 4. klasse på Lidar skule har delt sine kunnskapar.

TEKST OG FOTO: SISSEL DAHLE LIE



Mattis Lie Selland

Kvifor feirar vi påske?

– Vi feirar påske fordi Jesus døydde på korset.

Kva brukar du å gjera i påska?

– I påska leitar eg etter påskeegg. I fjor hadde vi påskeskirenn og quiz.

Kva er det beste med påska?

– Det er å finne påskeegget.

Veit du kvifor vi brukar påskeegg i påska?

– Det veit eg ikkje.

Kva brukar du å gjera i påska?

– Eg leiter etter påskeegg, og så lager eg påskepynt. Eg lagar kyllingar og uro som kan henge i taket.

Kva er det beste med påska?

– Det beste er at eg kan feire med familien, og at eg får påskeegg med mykje godt i.

Veit du kvifor vi brukar påskeegg i påska?

– Det veit eg eigentleg ikkje.



Heidi Myrvold Bleka

Kvifor feirar vi påske?

– Det har eg gløymt.

Kva brukar du å gjera i påska?

– Det har eg gløymt.

Kva er det beste med påska?

– Det beste er å gå på jakt etter påskeegg.

Veit du kvifor vi brukar påskeegg i påska?

– Nei, det veit eg ikkje.

han opp i himmelen. Han sa til Maria at ho ikkje skulle vera redd.

Kva brukar du å gjera i påska?

– Vi er borte på forskjellige plassar, slik som på hytta. Så kjem påskeharen og gøymer påskeegg. Vi må svare på gåter for å finne egget.

Kva er det beste med påska?

– Det beste er å vera saman med familien

Veit du kvifor vi brukar påskeegg i påska?

– Det veit eg ikkje.



Johannes Fjellstad Lie

Kvifor feirar vi påske?

– Vi feirar påske fordi Jesus vart hengt på korset. Der døydde han, så vart han gravlagt. Etterpå stod han opp att.

Kva brukar du å gjera i påska?

– I påska brukar vi å ake på jordet, gå på skitur og leite etter påskeegg.

Kva er det beste med påska?

– Det er nok å få påskeegg.

Veit du kvifor vi brukar påskeegg i påska?

– Nei, det veit eg ikkje.



Christina Solhaug Thune

Kvifor feirar vi påske?

– Vi feirar påske fordi Jesus vart korsfesta, så klarte han å koma seg ut av grava. Så flaug



Magnus Fystro-Robøle

Kvifor feirar vi påske?

– Det veit eg, det er fordi Jesus døydde. Han vart vel fødd i jula.

Kva brukar du å gjera i påska?

– Vi brukar å finne påskeegg. Vi får lappar der det står forskjellige oppgåver vi må gjera før vi får påskeegget.

Kva er det beste med påska?

– Godteri!!

Veit du kvifor vi brukar påskeegg i påska?

– Nei, det har eg aldri tenkt på.



Synne Robøle Presthegge

Kvifor feirar vi påske?

– Eg trur det er fordi Jesus skulle koma tilbake.

Kvifor vi brukar påskeegg til påske!

Vi gjer så mange ting som eigentleg betyr noko, men som vi kanskje ikkje veit kvifor vi gjer. Kunnskap som på ein måte har gått i gløymeboka. Som kvifor vi har påskeegg til påske.

Påskeegget er eit symbol på oppstoda! På same måten som egget er hardt som ein daud stein, gøymer han på hemmelegheita om eit nytt liv, slik hendinga med Jesu oppstode også gjer! Fint, ikkje sant!



Kulturminne i Øystre Slidre



Vi har gleda av at kultursjef i kommunen, Kari Onstad, vil dele viktige kulturminne med lesarane! Øystre Slidre kommune har no ferdigstilt si fyrste kulturminneplan. Det er eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø i kommunen, som neste generasjonar skal ha glede og nytte av. Kulturminneplanen skal vere eit nyttig verktøy i å forvalte og formidle kunnskap om kulturminna våre.

Kulturmiljø kan brukast som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. For å ta vare på kulturmiljøa er det viktig å ha eit medvite forhold til dei, og vere klar over kva verdiar dei representerer. Det er heller ikkje mogleg å ta vare på alle, og me må i eit dynamisk og moderne samfunn gjere avveingar mellom utvikling og vern. I denne samanhengen er kulturminneplanen eit nyttig verktøy for kommunen.

Kulturminneplanen har desse tema: Stølsmiljø, læger, bygningsmiljø og tun, kyrkjer, skular og andre bygningar, stader, industri, jakt, fiske og fangst, stigar, ferdselsårer og knutepunkt, handverk, folkemusikk, krigsminne. Kulturminneplan har eit tyngdepunkt for dei fysiske kulturminna, då planen skal vere eit underlag til revidering av arealplan. Planen i seg sjølv kan ikkje gje grunnlag for vern, men kan peike på behov for det. Planen gjev heller ikkje løyve til støtte eller midlar, men kan brukast som underlag i søknader.

Liastølen

Liastølen (3/148). Opphavleg sto Liasælet på stølen til garden Søre Lien. Sidan sumaren 2002 har stølen vore ein open møteplass for tradisjon og levande kultur midt i sentrum av Beitostølen. Gjennom kulturformidlinga på Liastølen vert både den materielle og den immaterielle kulturarven ivareteke og formidla til målgrupper som inkluderer ikkje berre turistar, men også bygdefolk og deltidsbebuarar i Øystre Slidre. Liasælet er om lag tre hundre år gammalt, og representerer ein toroms byggeskikk med skut i mellom. Tømmeret er av svært grove stokkar og er øksehogde og gjev eit svært solid inntrykk. Sælet hadde torvtak fram til 2001, då det blei flytta dit det står no. No har det skifta til villheller av skifer frå Øystre Slidre. Liastølen kulturlag leiger tomt på Beitostølen ut 2023.



Liastølen, ei grøn lunge på Beitostølen. Foto: Saskia Aleida Van Veen



Innviingskonsert for orgelet i Lidar 28. november 2021

TEKST: ELI VATN / FOTO: GUNVOR HEGGE

Endeleg kunne vi feire at orgelet i Lidar kyrkje var blitt restaurert! Både restaureringa og konserten var blitt forsinka på grunn av Corona.

No fylte Magne Olav Selland rommet og sinnet til oss som var fram møtte med Bach sitt preludium i C- dur. Magne Olav hadde lagt opp til eit variert program der vi på alle moglege måtar fekk oppleve at orgel ikkje berre er eit soloinstrument, men svært sosialt i mange funksjonar. Som å løfte songen i fyste fellessalme No stig vår song av Edvard Hoem, og med Valdres kammerkor på bakarste benkar steig verkeleg songen til glede for oss alle.

Kari Sunnvoll og Ingvild Lie la si stemme på orgelets i eit vakkert stykke viss namn er alt for langt her. I variasjonar over salmen O Herre Krist viste Magne Olav gjennom 6 vers forskjellige måtar å bruke registra på orgelet.

Folkemusikk og orgel er og ein fantastisk kombinasjon, det fekk vi vist gjennom fleire samspele nummer med Frank Rolland på hardingfele. Trommer og trompet er og ypparlege kombinasjonar, og gjennom eit par nummer i populærsjangeren fekk Ole Kristian Nyhagen og Jacob Håvelsrud Svarre det til å svinge i kyrkja.

Den klassiske kyrkjemusikken kom så att med full styrke. Fleire delar av Hendels Messias vart framført saman med Valdres kammerkor, vakkert, mektig og høveleg i adventstida.

Øystre Slidre huser ikkje berre ein organist, og Are Alund ga oss fleire vakre orgelstykk mot slutten av konserten. Vi fekk alle slutte oss til i Folkefrelsar til oss kom før Magne Olav sette sluttstreken i nok eit verk av Bach.

Vi har verkeleg fått eit fantastisk orgel, og det fekk Magne Olav med vener vist oss denne kvelden.

Langfredag får vi ein ny sjanse til å nyte orgelet i ei messe som gjennom musikken søker å gripe hendinga denne dramatiske dagen. Med seg vil Magne Olav ha songgruppe bestående av Ingvild Lie, Kari Sunnvoll, Knut og Ole Åstad Braaten og Bard Riise Hoel! Dette er verkeleg verdt å få med seg; om ikkje kvelden byr på det mest lystige repertoaret, femner det djupet og varmen i kjærleiken.

Info frå kyrkjeverje

Trygghet er ein av dei viktigaste tinga vi treng for å leve gode liv. Det har i den siste tida vore stort fokus på at alle skal ha retten og høvet til å varsle når dei opplever kritikkverdige omstende.

Med kritikkverdige omstende meiner ein

- brot på lover og reglar
- brot på verksemda sine etiske retningslinjer
- brot på etiske normer som er breitt forankra i verksemda

Å leggje til rette for gode rutinar for varsling er noko alle organisasjonar skal gjere, også kyrkja. Det er oppretta ei eiga varsling på nettet, men det er også høve til å varsle direkte eller med brev.

Det er viktig at alle har ei god oppleving når dei er i kyrkja og på kyrkjegarden. Vi har ikkje nokon grunn til å tru at det ikkje er slik i dag, men opplever du eller ser noko som er kritikkverdige omstende, ber vi deg om å seie frå. Då kan vi gjere noko med det og forhindre at det skjer meir.

Vi kjem til å henge opp informasjon om dette i alle kyrkjene også. Ynskjer du å vere anonym kan du naturlegvis vere det.



Orgelet i Lidar kyrkje

TEKST OG FOTO: MAGNE OLAV SELLAND

Det fyrste orgelet i det som var Lidar kapell vart skaffa i 1937. Dette var eit instrument bygd av Peter Berntsen i 1902, og det hadde opphøveleg tilhørt Nordlia kapell på Østre Toten. Dette var eit lite orgel med 4 stemmer og eitt manual. På slutten av 80-talet har dette instrumentet spela ut sin rolle. Dåverande domorganist i Hamar, Ragnar Røgeberg, karakteriserer det som slitt, med dårlig mekanikk og generelt i dårleg forfatning. Det blir i 1987 inngått kontrakt med Norsk Orgel- og Harmoniumfabrikk om å skaffe nytt orgel, i hovudsak finansiert av soknerådet. Berntsen-orgelet vart sidan overtatt av Eiktunet på Mjøsmuseet.

Norsk Orgel- og Harmoniumfabrikk (NOH) vart grunnlagt i 1873 i Vardal, førnemnde Peter Berntsen var forøvrig son av grunnleggaren Bernt Myrengen. I 1929 vart bedrifta flytta til Snertingdal, derav omtalen på folkemunne av instrumenta frå denne fabrikk som «Snertingdalorgel». Denne orgelfabrikk var dominerande i vår del av landet i store delar av 1900 talet. I Valdres er det i dag rundt 20 NOH-orgel i bruk i kyrkjer og kapell, altså eit stort fleirtal av instrumenta.

Orgelet sto ferdig i 1988, og domorganist Ragnar Røgeberg som også var konsulent for prosjektet heldt innviingskonsert.

Ut på 2000-talet synt det seg i samband med stemming og vedlikehald at det hadde oppstått problem med luftforsyninga til orgelet. Det vart bestilt

ein rapport frå orgelkonsulent Hans Jacob Tronshaug, og her vart det også peika på ein del andre ting som burde utbetrast for at orgelet skulle fungere optimalt. Dietrich Johannes Buder, som driv ein orgelverkstad i Bergen, vann anbodet og fullførte restaureringa i corona-året 2020. I tillegg til ny belg som vart flytta frå orgelhuset til rommet på galleriet bak orgelet, er det viktigaste som vart gjort som har innverknad på klangen til orgelet intonering av alle pipene, og to nye stemmer.

Intonering består i justering av klangen i kvar enkelt pipe, dette vert gjort slik at klangen passer til akustikken i rommet, og slik at stemmene får ein balansert klang saman når ein kombinerer dei på forskjellige måtar. Det var truleg ikkje gjennomført ei fullstendig intonering då orgelet var oppført, og det som var gjort med dette under restauringa i 2020 er nok det som har hatt mest å seie for forbetringa av klangen etter restaureringa. Til dette arbeidet hadde Buder med eksperten Tino Herrig frå Tyskland.

Det vart også tilført to nye stemmer, som det var forberedt plass for i 1988. Ein gambe 8' i 1. manual og ein nasard 2 1/3 i 2. manual. Sesqualteraen i 2. manual vart flytt til 1.

Disposisjonen vart no slik:

Manual 1: Gambe 8', Prinsipal 8', Rørfløyte 8', Oktav 4', Waldfløyte 2', Sesqualtera 2 fag, Mixtur 3 fag Manual



Fasade orgelet i Lidar kyrkje.

II: Gedakt 8', Koppelfløyte 4', Gemshorn 2', Nasard 2 1/3, obo, tremoloPedal: Subbass 16', Gedaktbass 8.

Med denne disposisjonen har ein no moglegheit til å lage solo-stemmer i begge manual, og elles veldig mange klanglege nyansar å spele på.

Som konsulent Tronshaug skriv i rapporten ved ferdigstilling av orgelet: «Både teknisk og klanglig er orgelet blitt et spennende og godt musikkinstrument med mange elegante klanglige løsninger. Orgelet har fått personlighet og karakter som bør tiltrekke seg den oppmerksomheten det fortjener».



KYRKJELEGE HANDLINGAR DESEMBER 2021 - MARS 2022

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE
Kristine Blokhus
Turid Skogen

LIDAR KYRKJE

Gjermund Trygve
Sagahaugen
Guri Marie Rogne
Berit Bergmann
Astrid Ausrød

VOLBU KYRKJE

Arne Magne Wangen

HEGGE KYRKJE

Ingebjørg Pålelien
Reidun Irene Nordli

HEGGE SOKN

Margot Ida Os

VIGSEL

LIDAR KYRKJE
Kaja Kampenhsug
Alexandersen og
Brage Engeset Rødal

DÅP

ROGNE KYRKJE
Joar Medås-Trandokken
Astrid Tvenge Olsen

VOLBU KYRKJE

Eivor Rogne
Erling Rabben Lundby
Anniken Hermundstad
Westheim

LIDAR KYRKJE

Tirill Vandsenb Lykken
LYSKAPPELLET
Jonatan Rødby

VELKOMEN TIL KYRKJE!

April

03 04 2022 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved prestevikar Ellen
Oddveig Rudi. Tårnagent

10 04 2022 Rogne kyrkje kl. 11.00
Palmesundag Høgmesse. Dåp ved
prestevikar Ellen Oddveig Rudi

10 04 2022 Lyskapellet kl. 11.00
Palmesundag Gudsteneste ved sok-
neprest Eli Vatn

10 04 2022 Palmesundag Øystre
Slidre helsetun kl.16.30 Gudsteneste
ved prestevikar Ellen Oddveig Rudi

14 04 2022 Skjærtorsdag Lyskapel-
let kl. 17.30. Den gylne time med
nattverd ved sokneprest Eli Vatn

15 04 2022 Langfredag Vangsjøen
kl. 15.00. Påskefjellgudsteneste ved
prost Carl Philip Weisser

15 04 2022 Langfredag Lidar kyrkje
kl. 19.30. Pasjonsgudsteneste ved
sokneprest Eli Vatn

17 04 2022 Påskedag Hegge stav-
kyrkje kl. 11.00 Høgtidsmesse ved
sokneprest Eli Vatn

18 04 2022 2. Påskedag Volbu kyrkje
kl. 19.30 Høgmesse ved sokneprest
Eli Vatn med konfirmantar

Mai

01 05 2022 Hegge kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

08 05 2022 Rogne kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved prestevikar Ellen
Oddveig Rudi. Tårnagent

17 05 2022 Volbu kyrkje kl. 09.30
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

22 05 2022 Rogne kyrkje kl. 19.30
Samtalegudsteneste ved sokneprest
Eli Vatn

Juni

05 06 2022 Volbu kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli
Vatn

05 06 2022 Rogne kyrkje kl. 12.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli
Vatn

12 06 2022 Lidar kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli
Vatn

12 06 2022 Hegge stavkyrkje kl. 12.30
Konfirmasjon ved sokneprest Eli
Vatn

19 06 2022 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved prestevikar Ellen
Oddveig Rudi

Konfirmantar 2022

VOLBU 5. JUNI KL. 10:30
Steffen Onstad-Nyhagen
Erikas Scelys
Jonatan Sverre Svenson
Margit Onstad

ROGNE 5. JUNI KL. 12:30
Even Nybråten Damstuen
Linus Gjevre-Myrvold
Magnus Stavenjord Myrvang
Emil Melbybråten
Knut Inge Fossberg Ringstad
Emma Kristine Lasskogen Hambro
Live Skrebergene Hamre
Eva Hoffmann
Mari Skattebo

LIDAR 12. JUNI KL. 10:30
Ingrid Stalenget

HEGGE 12. JUNI KL. 12:30
Ola Brusveen
Torstein Røyne
Henrik Skjerstein
Sivert Skjerstein
Adrian Gram Skogen
Jostein Sørensen
Alexander Thune
Tilje Marika Hegge
Ane Melby

Påskesalme

No vaskar han føtene deira og
tørkar dei varsamt med kledet.
No vaskar han føtene deira
og minner dei om dette eine,
at han som er son av den høgste,
er komen til oss for å tene.
No vaskar han føtene reine.

Slik lyfter han slaven til fridom.
Han vaskar bort støvet frå vegen.
Den livslange, strevsame vegen
skal ende hos han, i Guds rike.
Og han som er son av den høgste,
han bøyer sitt hovud mot jorda,
og slik blir han menneskets like.

Slik sprenger han tilværets gåte.
Han bur seg til møte med døden.
Han tener fordi han er herre.
Han bøyer seg ned for å sone.
Han førebur Gudsrikets orden:
Dei siste skal vere dei første.
Den minste skal stå ved hans trone.

Tekst: Edvard Hoem

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Diakonitreff

Vi startar snart opp att, men har ikkje
fått fastlagt datoar enno. Følg med i
avisa og på heimesida til kyrkja.

Salmekveld

25. april og 13. juni i Rogne kyrkjestogo
kl.19.00

Pusterom

2. mai og 23 mai i Volbu kyrkje. Felles
meditasjonsstund frå kl. 18.30

Babysong

26. april, 24. mai og 14. juni i Rogne
kyrkjestogo kl. 11-13.

Babyar mellom null og eitt år er
hjarteleg velkomne saman med
foreldra til ei koseleg stund med song,
musikk og lett servering.

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.
[/Kyrkja-i-Øystre-Slidre](https://www.facebook.com/Kyrkja-i-Øystre-Slidre)

Her fortel vi om hendingar og
opplegg knytt til kyrkjer og
kyrkjeliv i kommunen.